



Professor Sigmund Skard

Skard svarer Bahr

Professor Sigmund Skard kommer her med et tilsvarende til høyesterettsdommer Henrik Bahr som 17. desember ifjor hadde en helsides artikkel i Aftenposten. Bahr forsøkte i sin artikkel å avlive den såkalte «rottehistorien», Halvdan Kohts krenkende omtale av departementsfolkene opptrøden på Elverum 10. april 1940. I en bok «Frå skanse til skanse» som utkom i 1947

sammenligner Koht departementsfolkene med rotter som forlater det synkende skip.

Professor Skard mener at Bahrs artikkel krever utfyllende forklaring. Spesielt er det bilde Bahr tegner av Koht, sterkt nedsettende, kanskje mer enn meningen var. Skard trekker her frem andre momenter til ettertanke.

Halvdan Koht 10. april 1940

AV PROFESSOR SIGMUND SKARD

MELLOM det mange dramatiske scenene under det tyske overfallet på Norge i 1940 er også den då utrikksminister Halvdan Koht i Elverum 10. april tok farvel med det departementsfolkene som hadde fulgt regjeringa dit, men så drog tilbake til Oslo.

Scena har vore mykje omskriven. Men av særlege grunnar har interessa samla seg om ein einestildd detalj i minneboka si frå 1947. «Frå skanse til skanse» seier Koht at han i den stunda kjende det som ei rotte-



person som utan minste grunn kunne fella ein fornærmede dom over sakeslause medmenneste. Ei slik tolking kan ein berre koma til om ein ser bort frå den situasjon som vendinga sprang fram or.

La meg for ein augneblink kalla tilbake i minnet det som hadde skjedd i dei 36 timane før Koht møtte embetsmennene i Elverum. Gjennom natta til 9. april hadde den norske regjeringa vore stillt overfor det bråaste og mest totale samanbrot av norsk statsmakt som historia vår kan fortelja om. Utan provokasjon, åtværingar eller ultimatum vart vi overrente av Europas sterkaste militærstat. I ein ivn-utrykk som til då sakna sidestykke. Vår tilfukt, den eneste

skogen. Om morgonen hadde sjelve general Ruge sagt som si meining at å halda Austlandet sannsynlegvis var vonlaust. Koht hadde fått visst at Danmarks konge, regjering og utanriksminister hadde kapitulert. Han hadde fått eit telegram frå vår sendemann i Berlin om at vi måtte gjera det same.


På formiddagen hadde han så i Elverum, saman med Kongen, tatt imot minister Bråuer enno ein gong. I den samtalen som gjorde det klart at krigen var unngåelig. Motet vart avslutta med den skakende scena som Koht sjelv har skildra, da tyskarar var gått og Konge og utanriksminister stod åleine, alf og desse to forneite og

sjonsskifte. Det var klart kor innflett stormaktspelet hadde vore omkring 9. april, kor ytterleg få ute og heime som verkeleg hadde forstått kva som laga seg til, og kor makeløst ein serie av held som hadde gjort den tyske successen mogeleg.

MEN like viktig var Halvdan Kohts eiga holdning. Den som har levt saman med han gjennom desse røyningssåra, vil vita kor klart han såg, og kor tungt han tok innover seg, det som han fann hadde vore mistak, feilvurderingar og tyssisk svikt hos han sjelv, og dei kåtastofale konsekvensane det hadde fått. Han gjekk til dei uhøyrdste steget å krevde seg sjelv stillt for riksrrett. Då det var avslått, sa han at han viste og kjende i minnebøkene sine, heint fram og utan bortfor-tolking. Holdninga er sålede tydeleg også i hans «Sjanselause avbikt for ordleggninga si i Elverum, som Bahrs artikkel in extenso.

Når det gjeld sjelve publiseringsmåten av dette dementiet i 1947, gjekk Koht ikkje fullt så langt som embetsmennene ønskte. Og ein kan forstå at det ikkje var glede for det i den større samanhengen må det li-kvel kallast ein detalj. Bahr tolkar altså dette som eit planlagt «delgarnål» av Koht. Han har seinare (i brev til meg 3. januar i år) meidditt at han likevel ikkje vil hevde at eit slikt resultat var tilskilt. Frå Kohts side. Det vilke vore hyggelige re om Bahr då hadde uttrykt seg meir varsamt heilt frå starten.

Framfor alt ville han då ha unngått det inntrykk som somme lesarar no kanskje er ut med, at ein freistnad på «delgarnål» var karakteristisk for Halvdan Kohts defensorat i desse åra. Som Henrik Bahr sikkert veit, var det typiske tvert imot ein vilje til å vedstå seg alt som Koht i attersyn fann klanderverdig i gjerninga si. Men han peika samstundes på dei faktiske forhold som gjorde det forståelig at han i kvar situasjon hadde handla som han gjorde, og ofte slett ikkje kunne ha handla annleis. Dette er sålede utvilsomt å seie, og utan verknad. Smått som stort, Kohts personlege tykkelse sendt til ein moralisk siger. Han fikk bil gammal nok til å spørva at synet skifte, frå envarhet og hatefull fordomning til ein ktern-vurdering, den same vurdering ut fra dei faktiske situasjonar som embetsmennene i Elverum med rette har gjort krav på for seg.



102633

Det embetsmennene det gjaldt, tok disse ordene som en moralsk dom over seg. En av dem, høgsterettsdommer Henrik Bahr, som forresten sjelv seinare fulgte regjeringa til Tromsø, fikk i 1947 i stand eit møte med Koht for å drøfte saka. Då Koht hadde høyrd det embetsmennene hadde å bera fram, sa han seg «hjarteleg lei» for at ordene hans hadde vorte mistydda. Korkje i 1940 eller sidan hadde han meint å seia at dei som reiste tilbake, «gjorde noko som var rangt». Gjennom den mannsalderen som sidan er gått, har dette demientet vore offentleggjort mange gonger, ofte på initiativ av Henrik Bahr. I Aftenposten 17. desember i fjor har han sjelv fått ei heilside til å fortelja historia enno ein gang, i stor detalj.

Sjelve det som gjekk for seg i Elverum, må dermed seiast å vera fullt klårt. Likevel kallar Bahr's artikkel på ei utfylling. Framstillinga saknar på underleg vis historisk perspektiv, og tolkinga blir dermed uperakt. Framfor alt blir biletet av Halvdan Koht sterkt nedsettjande, kanskje meir enn Bahr verkeleg har meint. For ein som kom til å stå Halvdan Koht nær gjennom den siste tredjeparten av livet, hans er det då kanskje lovleg å dra fram somme andre moment til ettertanke.

Halvdan Koht gikk til det uhorste skritt å kreve seg selv stilt for riksrett, påpeker Sigmund Skard.

SKEIVSYNET gjer seg gjeldande på to punkt, fremst i avsnittet om sjelve avskilingsprosessen den 10. april. Så klart som berre mogeleg har Halvdan Koht altså sagt offentlig ifrå at han aldri med det biletet han brukte, hadde meint å fella nokon moralsk dom. Likevel er det som Henrik Bahr ikkje verkeleg er i stand til å godta dette. I sjelve sluttkelemt i artikkelen sin talar han framleis om at embetsmennene i Elverum altså laut vera «en utsekt samling av foraktelige personer (rotter)». For den raske lesar vil Koht lett med dette bli ståande som ein brysk

Vårt elge Jarvør var slått over ende, avstkommanderant måtte avlyssast, staben hans trudde lite på nytten av vidare motstand. Alle føreåt-lagde planar svikta. «Administrasjonen» var ei handfull menn på flukt med handkuffertane sine, elegne av rådløse redse. Det einaste som landet hadde å setja imot, var den nær sagt desperate heroismen hos den vesle gruppa, med Kongen i brodden, som hadde det hogaste ansvar.

LA meg også for ein augneblink minna om Halvdan Kohts personlege opplevjing i desse 36 timane. Han hadde som hovudperson vore gjennom natta til 9. april med sin serie av redselsmeldingar, toppande tidleg om morgonen i møtet med minister Bræuer på Victoria Terrasse, der Koht såg heile situasjonen i augo, tvinga si redse tilbake, og straks gjorde det klart at dei tyske krav måtte avvisast. Han hadde møtt med dei andre i regjeringa til Hamar og Elverum, og på vegen sett demonstrert makta i det tyske åtaket. Etter sine eigne ord kjende han seg «som eit villdyr i skogen». Han hadde møtt drag av rådløse og oppgiving i Stortinget og hos fleire av sine regjeringskollegaer. Han hadde vort vekt to gonger om natta med melding om at dei militære tvila på at dei ville greia å stansa fienden på Midt-

landet. For å gjera seg til å gjera det som vilje sin til å gjera inn.

FRÅ dette møtet gjekk Koht til møtet med embetsmennene frå departementa i Oslo. Og no er det ikkje berre sannsynleg: det er sikkert at han på det møtet sa just det som Henrik Bahr summerer opp i sin artikkel. (Faktisk vik dei ulike referata berre av frå kvarandre i detaljar.) Han har sagt at Kongen og regjeringa ville kjempa vidare, men at kvar einiskild fekk velja etter sitt eige samvitt kva han ville gjera, no og i fremtida. Regjeringa kunne ikkje by embetsmennene noko verkeleg alternativ til å reisa heim att. Kanskje har Koht jamvel direkte rådt dei til å gjera det, slik har i alle fall embetsmennene forstått han. Med Henrik Bahr's ord har dei då «handlet fullt lojalt og pliktensvis» når dei følgde rådet. Men like overveldande sannsynleg er det at Koht sjelv inst inne har vore, at i alle fall nokre få av desse gode menn, som han i fredstid hadde samarbeidd med, i denne situasjonen skulle syna seg å ha den same desperate motstandsviljen som Konge og regjering, at dei skulle insistere på å få ta dei i det som vidare kom, få vera med og bera bera, trass i alle dei praktiske omsyn som tala imot. Det skjedde ikkje, altså bortsett frå ein kvinneleg sekretær, fru Unni Diesen, som Koht aldri for hadde møtt, men som demonstrativt nekta å reisa heim att. Den kjensla som fylte han i denne stunda, måtte uunngeleg vera ei botnløst einsemd. Og det var den som lét han nytta bistet med rottene og skipet, slik han sjelv direkte seier. Henrik Bahr slår på at andre kanskje skulle ha gitt Koht slike tankar etterpå. Men det er ingen grunn til å tvila på at ordet presis gir att det Koht i stunda opplevde. Sjelve biletet er naturlegvis velkjent og ofte brukt. Og til vanleg vil vel ingen falla inn på at det må innehalde nokon nedsettjande karakteristikk av rottene: dei gjer det dei synest dei må gjera. For Koht inneheldt biletet at han kjende seg stå åleine att på eit søkkande skip. Og det var det han gav ord for, ikkje noko anna.

NÅR det gjeld den avgjerd embetsmennene tok, har også dei krav på å bli forstått ut frå situasjonen. Den var i sanning forvira til det vanvittige. Utenkjelege ting skjedde slag i slag. Alle innarbeidde rutinar var brått ubrukelege. Alt laut vurderast på ny basis. Samtundes er det rett å minna om at embetsmennene hef ikkje var i nokon einestående situasjon. Liknande mottoestillinger må ha møtt dei frivillige som løst i desse same årstidane trass sine vill og drog opp gjennom Nordmarka frå



Monumentet over Kongens «Nei» er Ørnulf Bast's 10 meter høye granitt-beutasten som står ved Elverum Folkehøgskole. Kong Haakon avduket selv bautastenen i juni 1950. Her nedlegger kong Olav kronen ved en senere anledning.

Oslo for å freista finna ei militær avdeling. Flent den same situasjonen ved si individuelle avgjerd skulle seinare møte kvart einaste medlem av Heimfronten, etter som den laga seg til.

EIN vil i dag vera varsam med å setja seg til doms over den avgjerd som kvar einiskild såleis tok. Men slike forklaringar rører ikkje ved det historiske faktum, at med unntak av ein departementssekretær drog embetsmennene altså tilbake til Oslo. Dei delte ikkje i stunda den desperate kampviljen som lét Konge og regjering dra vidare nordover i flyktningbilane sine, same kva ferda måtte føra til. Det som hende, blir ikkje forandra ved at ein kan gi grunnar for det. Eitt må leggjast til her. Henrik Bahr diskuterer utførlig møtet med Koht i Elverum, og bygger på personlege minne. Men ingen ting han seier kan gi inntrykk av at så mykje som ein einaste av embetsmennene


under det møtet har gitt uttrykk for sin sympati og si moralske støtte overfor regjeringa. Er dette så, kan det vel og vera med til å forklara Kohts kjensle av einsemd og vonbrøt.

ETTER mitt skjøn gir Henrik Bahr's artikkel altså ikkje noko heilt rettfærdig bilete av Halvdan Koht i sjelve krigssituasjonen. Viktigare endå er det inntrykket som artikkelen må gi av haldninga hans etter krigen. Eit hovedmoment for Bahr er, at Koht's dementi i 1947 etter hans eige ønske ikkje fekk publisitet i pressa, men berre kom fram i eit brev til protokollkomiteen i Stortinget og eit trykt vedlegg til dei uselde eksemplar av minneboka hans. Bahr tolkar dette sterkt negativt. «Denne fremgangs måte var jo ganske klokt uttenkt av Koht, som naturlegvis ønsket minst mulig publisitet om sin stabbes» Koht ønsket ei dementering i

dølgsmål» (Bahr's ord). Lesaren kan etter dette berre sitja att med det inntrykket at Koht så godt han kunne freista å dekkja over sine mistak.

DET var ti-åra like etter krigen som var den lovlege jakttid på Halvdan Koht. Etter det kolossale vonbrøtet den 9. april var det kanskje naturleg, i alle fall for nordmenn, å sjå seg om etter syndebukkar. Og Koht sto lagleg til. Når ein no tenkjer tilbake, er det vel nokon kvar som vil skjemma over så mykje etterpåklokskap på så spinkelt kunnskapsgrunnlag. Kritikarane nekta seg sanneleg ingen ting. Eit velverdige presseorgan fekk seg til å skriva at Koht personleg har ansvar for den åttåre krigsfødselen. Når dette staket gradvis stillna ut gjennom 1980-åra, kom det ikkje berre av eit genera-

Dette ikkje hankende vitet traumet frå 9. april på det gjeld Halvdan Koht. Men hos fleire og fleire er det vel no andre moment som etter kvart har kome til å veta tyngre. Det er faktisk at Koht ikkje forstod varsla fremfor den 9. april. I dag vil det kanskje for mange stå som eit endå viktigare faktum at han, då ulykkesdagen rann, var den første som sa nei til dei tyske krav. Han trong ikkje ha gjort det. Hans danske ven og kollega gjorde det ikkje. Om Koht den gråkalde aprilmorgonen på Victoria Terrasse hadde bygt seg for dei harde fakta, slik embetsmennene gjorde det i Elverum, — om han hadde gått inn til regjeringa, som sat samla i siderommet, og med sin svære autoritet hadde argumentert for kapitulasjon, ville det ha vore tungt. Han gjorde ikkje det. I staden vart han, saman med Kongen og regjeringa, den harde kjempen i det som etter kvart, ute og heima, skulle bli den norske motstandsmarala. Vi skulle vel no og snart ha avstand og overskot til å sjå og seia, at dette ikkje var noko tilfelle, men eit naturleg utslag av det fedrelandssinn som går gjennom heile Halvdan Kohts mektige livsgjærning. I den gjærninga har også Elverumsmøtet 10. april sitt rom, men berre som ein nokså liten fotnotate.



Den tyske sandemann Bræuer fotografert på trappen til folkehøgskolen i Elverum (Foto: Gyldenals «Norsk Okkupasjonshistorie»)



Kongen og Kronprinsessens flukt i skogen (Nybergsgutten da tystene sto dem efter livet. (Foto: Gyldenals «Norsk Okkupasjonshistorie»)